



Det er store forventningar til dette laget der 5 uskedelingar spelar. På dette biletet er 4 av dei: Anne Marte Zimmer, Karoline Isdal Amundsen, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland (Foto: Grenda)

Kvinnheradlaga stillar med 12 lag i Norway Cup som startar i helga og 6 av dei er frå Rosendal Turnlag.

Det er ny rekord og kontingenten herifrå blir sendt austover i 2 bussar og 10 privatbilar.

17 uskedelingar - spelarar og trenarar - blir med denneongen og det er desse:

* Hans Fr. Zimmer og Hermund Døssland på 15/16 år

' Emil Bakke Berntsen, Karsten A. Haugland, Sondre Myklebust og Martin Yri Røssland samt trenar Ragnvald Myklebust på 13 år

* Marius Myklebust og Kjartan Tungesvik samt trenar Åge Myklebust på 13/14 år.

* Solveig Haugland og Rebekka Hauge på 14 år

* Anne Marte Zimmer, Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland, Karoline Isdal Amundsen og Katrine Yri Røssland på 15/16 år.

Leiar Arvid Nes har ikkje minst store forventningar til det siste laget som altså har 5 uskedelingar med.

Av Ola Matti Mathisen